



Regjeringa.no

# 8 nye millionar til g veforsterking

Pressemelding | Dato: 08.09.2017 | [Kulturdepartementet](#)

(<http://www.regjeringen.no/no/dep/kud/id545/>)

| Nr: 76/17

Regjeringa aukar g veforsterkingsordninga med 8 millionar kroner i  r. Pengane kjem i tillegg til den opph velege ramma for 2017. Total ramme for ordninga blir med dette 59,1 millionar kroner i  r. Auken gjer rom for ytterlegare forsterking av 19 g ver i 2017.

- G veforsterkingsordninga er s ers vellukka, og eg er uroleg med tanke p  signala fr  opposisjonen om at dei vil leggje ned ordninga dersom dei kjem til makta. Den store interessa viser at kulturakt rar er ivrige etter   skaffe seg private gjevarar og s ke p  ordninga. Det er s  stor interesse at det st r mange mottakarar i k  s  difor legg vi no p   tte millionar kroner fr  spelemidla til kultur, seier kulturminister Linda Hofstad Helleland.

## Fylkesvis fordeling

** stfold**

+

**Oslo**

+

**Hedmark**

+

**Oppland**

+

**Rogaland**

+

**Hordaland**

+

## Om ordninga

Regjeringa innførte gåveforsterkingsordninga for museum i 2014, som eit ledd i arbeidet med å styrkje den private finansieringa av kulturlivet.

Frå og med 2016 blei målgruppa for ordninga utvida til å gjelde alle kunst- og kulturformål. Ordninga går ut på at staten gir eit tilskot på 25 prosent av verdien på gåver frå private gjevarar og stiftingar.

Då ordninga blei innført i 2014 var ramma på 10 millionar kroner. Pengane blei raskt brukte opp, og ein kraftig aukande søknadsmengde har ført til at ramma har blitt auka kvart år.

Det er Kulturdepartementet som administrerer ordninga. Handsaming og utbetaling skjer i same rekkjefølgje som søknadene blir mottatt og godkjent. Dersom tilgjengeleg ramme blir brukt fullt ut, blir eventuelle resterande søknader overført til det påfølgjande budsjettåret etter same prioritet.

- Regjeringa er opptatt av å skape ein kultur der private blir motiverte til å bidra med finansiering av kulturtilbod og -prosjekt. Dette er ein ny måte å tenkje kulturpolitikk på, der verdien av samarbeid mellom private og offentlige aktørar blir vektlagt. Kulturlivet har ikkje lange tradisjonar for å skaffe seg gåver frå private gjevarar, men vi ser at merksemda mot dette er aukande. Regjeringa vil vidareføre ei sterk offentleg finansiering av kunst og kultur, men vi ser at eit sterkare offentleg/privat samarbeid kan gje betre resultat og utløyse fleire ressursar totalt for kunst og kultur, seier Hofstad Helleland.

Kulturdepartementet

TEMA

Arkiv, bibliotek og museum

Musikk og scenekunst



Regjeringa.no

Ansvarlig for [Kulturdepartementets sider](#):

Ansvarlig redakt r: [Hanne Gj rtz](#)

Nettredakt r: [Wenche Stadven Nybo](#)

Telefon: 22 24 90 90

E-post: [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Ansatte i KUD: [Depkatalog](#)

Organisasjonsnummer: 972 417 866

